

HØYRINGSAK - UTKAST TIL "FORSKRIFT OM TILSKUDD TIL NÆRINGS- OG MILJØTILTAK I SKOGBRUKET"

BAKGRUNN

I handsaminga av St. meld. nr. 1 (2001-2002) - *"Nye oppgaver for lokaldemokratiet – regionalt og lokalt nivå"*, vedtok Stortinget at ei rekkje oppgaver innan landbruksforvaltninga skal overførast til kommunane.

Overføringane gjeld vedtaksmynde for saker som krev lokalpolitisk skjønn. Alle konsekvenslovs- og delingssaker etter jordlova og saker etter skoglova (med unntak av verneskoggrensene), skal avgjerast på kommunalt nivå. Tilsvarende gjeld for dei økonomiske verkemidla for miljø og skogbruk under Landbrukets utviklingsfond (LUF).

Bruken av tilskottsmidla til nærings- og miljøtiltak i skogbruket skal forvaltast med grunnlag i vedlagde forslag til føreskrift. Høyringsfristen er sett til 11. desember 2003. **.1**

VURDERING

Forskrift om nærings- og miljøtiltak i skogbruket erstattar *"Forskrift om søknad om behandling av søknader og utbetaling av statstilskott m.v. til skogsveier"* og forskriftene om tilskudd til praktikanter, førstegangstynning, drift i bratt og vanskelig terreng, skogkultur, bygging av skogsveier og miljøtiltak i skogbruket.

Det er ein fordel at talet på føreskrifter kommunane skal handtere vert mindre, og at det vert noko større handlefridom for korleis midla skal fordelast.

Av forslaget går det m.a. fram at kommunane ikkje kan løyve økonomiske tilskott til drift i bratt terreng (m.a. taubanedrifter) og skogplanting. Det ligg og inne føringar på korleis tilskott til skogsvegbygging skal handterast. For dette gjeld at maksimalt 50 % av årleg disposisjonsramme kan nyttast til vegføremål.

Om lag 17000 daa av det produktive skogarealet i Sør-Fron har helling på 50 % eller meir. I tillegg kjem areal mellom 40 og 50 % stigning. Med bortfall av tilskott til drift i bratt og vanskeleg terreng ser ein føre at det vil verte auka behov for bygging av enklare driftsvegar på skrå i liene for å take ut ein del av skogen.

Med omsyn til dei estetiske og miljømessige sidene kan dette verte meir negativt. Konsekvensen er og at mange gardbrukarar får reduserte inntektsmoglegheiter på eigedomane sine.

I kjølvatnet av "Vegprosjekt Midt-Dalen" er det investert forholdsvis store summar i vegbygging der drift i bratt terreng er sett føre fleire stader. Etterbruken av desse anlegga kan verte monaleg redusert om ikkje rammevilkåra vert oppretthaldne som tenkt då anleggsperiodane starta. Statlege tilskott er gjeven i storleiksorden 35-40 % av kostnadane til desse anlegga.



Skog er ein fornybar ressurs som i mange tilfelle bør utnyttast sjølv om prisutviklinga på tømmer hev vore negativ. Ringverknadane som følgje av skogbruksaktivitet er viktig i Gudbrandsdalen.

Prisutviklinga i tømmermarknaden gjev at kvalitetsproduksjon er mest lønnsam for skogeigarane. Sentrale myndigheiter understrekar og at det er viktig å dreie produksjonen mot kvalitet framom kvantitet.

Vilkåra for naturleg forynging av granskog i Sør-Fron er tilstades fleire stader. Likevel vert det vurdert til at skal volumet av kvalitetsrikt tømmer halde fram/bli betre bør planteaktiviteten haldast på store delar av skogsmarkene. Rett tettleik på bestanda er viktig for gunstig kvalitetsutvikling og optimal utnytting av skogsmarka.

Så lenge det vert lagt opp til auka lokal forvaltning av tilskottsmidla bør det vere opp til kommunane sjølve å avgjere om skogplanting skal gjevast tilskott eller ikkje. Det same gjeld for bruk av tilskottsmidla sett i samanheng med skogsbilvegbygging.

Skal handlefridomen verte reell bør kommunane frå år til år vurdere sjølve kvar ressursane trengst mest utifrå naturfaglige (skog/miljø) vurderingar.

F O R S L A G

Administrasjonen rår formannskapet til å gjera slikt

V E D T A K

- 1. Sør-Fron kommune er positive til at utkastet til "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" medfører ei forenkling i regelverket og noko større handlefridom for kommunane.**
- 2. Det bør vere opp til kvar enkelt kommune å avgjere kva skogbrukets årleg økonomiske disposisjonsramme skal nyttast til. Med det bør det i føreskrifta gjevast opning for at tilskot også kan gjevast til drift i bratt og vanskeleg terreng og til skogplanting. Vidare at det ikkje vert sett grense for kor stor del av ramma som kan nyttast til skogsbilvegar.**

Hundorp, 21. november 2003

*Wenche H. Dale
næringsleiar*

*Kjell Øyvind Berg
skog- og utmarkskonsulent*



Behandla av formannskapet i møte den 1. desember 2003.

Vedtak: (7 -0) Som administrasjonens tilråding.

1. **Sør-Fron kommune er positive til at utkastet til "Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket" medfører ei forenkling i regelverket og noko større handlefridom for kommunane.**
2. **Det bør vere opp til kvar enkelt kommune å avgjere kva skogbrukets årleg økonomiske disposisjonsramme skal nyttast til. Med det bør det i føreskrifta gjevast opning for at tilskot også kan gjevast til drift i bratt og vanskeleg terreng og til skogplanting. Vidare at det ikkje vert sett grense for kor stor del av ramma som kan nyttast til skogsbilveggar.**

